

Styremøte Norsk spaniel klubb avdeling Rogaland 16. Januar 2018.

Innkalt av: Leiar Eva Bjelland.

Møtetype: Styremøte.

Deltakarar: Eva Bjelland, Ketil Simonsen, Aina Sunde Dahl, Siw Gjesdal, Hans Hodne, Rut Salte, Anita Midthun på telefon, og i anledning rekneskap for 2017: Lisbeth Austrått.

Sak ein: Rekneskap for 2017/budsjett 2018 v/Lisbeth og Aina. Klubben har solid overskot. Dette må me få til å komma medlemmane til gode- lågare påmeldingsavgifter, kanskje nokre gratis arrangement i året som kjem. –Er alle utgifter vedrørande jaktprøver kommet? Endra rekneskapet, dersom det kjem noko nå i siste liten. –Me går inn for å prøva deltakar.No ved betaling/påmelding agilitytreningar(Halvårsbetaling) eventuelt og andre kurs og arrangement, hvis det fungerer greit. Eva lagar info angående dette til Rita og Facebook.

Sak to: Referat frå forrige møte- Ok. Angående Våre spaniels: Me vil gjerne ha meir plass til bilete.

Sak tri: Utstillingskomiteen. Ønsker eit nytt medlem, etter at eit av medlemma slutta nå i vinter. Vil i fyrste omgang spørja Oddvar Hausken. Andre aktuelle kandidatane å spør kan være Elisabeth Førland, Anita, Siv Tysvær.

Sak fire: Årshjul, nye punkter me arbeider med: -Temakveld på Tu i år? Eller kanskje spør veterinær Marit Brevik om å halda eit foredrag om skader, behandling og forebygging. Pelstellkurs og i Haugesund? –Det er nokre år sidan sist. Lydigheitskurs: Spør Sylvelin om hu kunne haldt eit på våren, ellers er det fleire instruktørar som kan ta eit kurs til hausten igjen.

Sak Fem: Årsmøtet. Alle som har hatt ansvar for aktivitet må senda info til Ketil, for å få det inn i årsberetninga. Ein kan gå inn i drop boks, og legga direkte inn, eller uansett senda ein epost til Ketil med kva ein har gjort, og kva som skal med. På årsmøtet vil det verta premiering av beste Rogalands spaniel. Aina lagar liste, Eva har diplomane. Ein litan premie i form av ei hundeleke. Det trengs blomster til dei som går ut av styret/komiteer. Senda ein blomst til nå avgått revisor Karin Wiig. Rut og Eva baker kake.

Eventuelt: Klubbens heimeside: Ny side oppe å går. Ser bra ut. Eva har redigert, og lagt inn bileter. Vil gjerne ha bilete av styremedlemmar- send på epost. Foreløpig til Eva.

Neste møte: Årsmøtet 20. februar kl. 1900, i Kruse Smith sine lokaler på Forus.